

## "Undre og spørje, skape og dele... skulebiblioteket i undervisninga"

### Avslutningskonferanse i Program for skulebibliotekutvikling, 4.–5. juni 2013 på Universitetet i Agder, Kristiansand

Program for skulebibliotekutvikling arrangerer sin avslutningskonferanse 4.–5. juni på Universitetet i Agder (UiA), Kristiansand. På konferansen oppsummerer fagleg leiar Siri Ingvaldsen arbeidet i Program for skulebibliotekutvikling, og ressurskulane 2012–2013 presenterer prosjekta sine i foredrag, utstillingar og ein eigen publikasjon.

Elise Seip Tønnesen, professor ved UiA, held foredraget "Tekster å leke med i bok og på skjerm". Martin Engebretsen, også han professor ved UiA, snakkar om korleis unge lesarar møter komplekse nett-tekster, og Svein Slettan, førsteamanuensis ved UiA, om gitar og fotballbøker. Rune Krumsvik, professor ved Universitetet i Bergen, føreles om digital danning og digital kompetanse i skulen. Norsk Bibliotekforening og Skolebibliotekarforeningen i Norge (SiN) deltek på konferansen, og SiN deler ut sin årlege litteraturpris under programmet.

Om kvelden den 4. juni vert det samling for konferansedeltakarane på Kilden teater- og konserthus, med kulturprogram og tapas.

Påmeldingsavgift (inkludert lunsj):

For begge dagar NOK 500,-

For begge dagar inkludert tapaskveld NOK 800,-

For éin av dagane NOK 300,-

For éin av dagane inkludert tapaskveld NOK 600,-

Program og påmeldingsinformasjon vert lagt ut på [www.skolebibliotek.uia.no](http://www.skolebibliotek.uia.no).

Velkomen til Kristiansand i juni!

Beste helsing

Siri Ingvaldsen

Fagleg leiar

e-post: [siri.ingvaldsen@uia.no](mailto:siri.ingvaldsen@uia.no)

Anne Kari Slettan

Prosjektkoordinator

e-post: [anne.k.slettan@uia.no](mailto:anne.k.slettan@uia.no)

Inger Berg Wilhelmsen

Nettredaktør

e-post: [inger.e.wilhelmsen@uia.no](mailto:inger.e.wilhelmsen@uia.no)